



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
17.01.2014  
Dykkar dato  
19.12.2013

Vår referanse  
2013/16415 421.3  
Dykkar referanse  
13/586

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### Radøy - gnr 99 bnr 41 - Ystebø - frådelling av eigedom

Me viser til kommunen sitt brev datert 19.12.2013. Saka gjeld søknad om dispensasjon for frådelling av areal til fritidsformål frå gnr 99 bnr 41 på Ystebø.

Eigedomen ligg i eit område som i arealdelen av kommuneplanen er synt med arealføremålet landbruk, - natur- og friluftsområde (LNF).

Gnr. 99 bnr. 41 m.fl. ligg på garden Ystebø nord i Radøy og driftseininga er i alt på 111 daa, av dette er 28 daa fulldyrka jord, 31 daa overflatedyrka og 31 daa innmarksbeite, samt ca. 14 daa skogareal og ca 6 daa anna areal. Bruket er pr. 1.8.12 i drift med 10 mjølkekyr, 39 anna storfe, samt sau.

Omsøkt areal er definert som innmarksbeite og arealet ligg inntil overflatedyrka jord på ei side, og ein frådelt eigedom på ei anna side, og elles er tilstøytande areal innmarksbeite.

Landbruksstyresmaktene har erfaring for at det kan oppstå problem der hytte eller hus ligg nær dyrka jord/beite, t.d. ved gjødsling og ved uroing av beitedyr. Slik tomta her er plassert, meiner Fylkesmannen at slike drifts- og miljømessige ulemper er påreknelege.

Me viser vidare til at planer skal «sikre jordressursene, kvalitetar i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturminner», jf plan- og bygningslova (pbl) § 3-1 bokstav b. Desse omsyna er sikra i gjeldande arealplan ved at arealføremålet er LNF. Ei frådelling vil vera i strid med desse omsyna, ved at ein opnar opp for bygging på dyrka mark.

Utbygging basert på dispensasjonar vil gje uheldige konsekvensar for framtidig arealbruk i dette området. Eit positivt vedtak i denne saka vil kunne skape presedensverknader, som igjen vil auke presset på jordbruksareala. På sikt vil kommuneplanen som styringsverktøy og informasjonskjelde kunne undergravast.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at tilknytning til staden kan vega opp for ulempene knytt til frådelling. Fylkesmannen rår frå frådelling som omsøkt.

Med helsing

Kari Elster Moen e.f.  
seniorrådgjevar

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*